



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/19	Formannskapet	13.03.2019

Framlegg til høyring av åtferdsreglar etter friluftslova §15 for Breng i Lodalen i Stryn kommune.

Bakgrunn for saka:

Stryn kommune har fatta vedtak om at det må innførast ferdelsrestriksjonar (åtferdsreglar) i medhald av friluftslova i eit avgrensa område på Breng i Lodalen. Dette vedtaket er gjort etter tett samarbeid med grunneigarane på Breng. Bakrunnen for ønsket om ferdelsrestriksjonar botnar i ein langvarig situasjon sommaren 2018 der grunneigarar og lokale i Lodalen følte seg maktlause i å ivareta eigne interesser. Dette gjalt også fleire stader i dalen, men situasjonen var verst på Breng.

Framlegget til åtferdsreglar presentert i denne saka vil redusere nokre av dei allemannsrettane som ligg i friluftslova, men etablering av toalett og avfallsordning for ålmen bruk og anlegging av parkeringsareal for alle typer kjøretøy vil vege opp for dette tapet. Breng er nærmest eit ikon for tilreisande – så populært at vi ikkje har råd til å skitne det til slik vi gjorde i 2018.

Kommunen, i samarbeid med private interesser, vil kome tilbake til fleire tiltak i Lodalen etter kvart, men åtferdsreglane for Breng er det mest akutte å få løyst.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om friluftsliv (friluftsloven) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

Allemandsretten (Miljødirektoratet) <https://www.norskfriluftsliv.no/hva-er-allemandsretten/>

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Lov om friluftsliv (friluftsloven)

Vedlegg i saka:

- Åtferdsreglar etter friluftslova §§ 15, Breng, Stryn kommune, 1405467
Sogn og Fjordane.
- Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnærings i 1405489
Lodalen.
- Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnærings i 1405490
Lodalen

Referat frå arbeidsmøte med grunneigarane på Tyva, Haugen og Sæten.	1405505
Breng - merknader til dokument	1407421
Kart - åtferdsreglar for Breng v. 2_	1407927

Saksopplysningar:

I 2018 hadde Lodalen besøk av uvanleg mange turistar. Dei kom på høgsommaren i godt vær og kanskje lokka av god marknadsføring på internett. Dalføret har mange reiselivsbedrifter med tilbod om overnatting, men dei fleste var nok fullbooka. Uansett hadde mange tilreisande bestemt seg for å nyte sommaren i telt og annan enkel losjering. Dei parkerte bilane sine på møteplassar eller på vegskuldera og slo opp telt kloss inntil vegbana fleire stader i dalen. På Breng stod det opp til 40 bilar og telt i ei lengre periode. Resultatet var mange trafikkfarlege situasjonar og vanskar med å kome seg fram. I tillegg resulterte opphopinga av turistar til uakseptabel forsøpling og tilgrising med menneskeavføring i utmarka. Grunneigarane var også bekymra for uforsvarleg omgang med eld. Grunneigarane på Breng prøvde å få dei teltande til å forstå at dei måtte oppstre på ein annan måte, men vart avfeia med at friluftslova og allemannsretten gav dei heimel til å gjera det dei gjorde. Reiselivsbedrifter i dalen opplevde også at fleire av dei teltande vart ein ekstrabelastning på deira infrastruktur som dusj og toalett, i ein periode av sesongen da belegget var veldig stort.

Breng er eit særmerkt kulturlandskap med ei tett klynge av lafta stølsbygningar som midtpunkt. Dette er eit ynda fotomotiv, marknadsført langt utover landegrensene. Mellom anna frycta grunneigarane for brannfarene da nokon nytta open eld til matlaging midt mellom trebygningane.

Reiselivslaget i Loen tok initiativ til eit møte mellom grunneigarar, fastbuande, vegvesenet, fylkesmannen, politiet og kommunen. Møtet vart halde på Kjenndalsstova den 23.august 2018. Under dette møtet kom det fram at grunneigarane si uro for utviklinga med turismen i dalen ikkje berre gjalt Breng, men også andre deler av dalen, slik som Bødal og Hogrenning.

Under møtet var det semje om at det måtte lagast ein langsiktig plan (masterplan) for aktiviteten i Lodalen som sikrar at situasjonen i 2018 ikkje gjentek seg.

Stryn formannskap handsama saka i sak 139/18 under sakstittelen «akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnærings i Lodalen» (vedlagt dokument nr 1405490).

Vedtaket vart fatta i tre punkt:

- «Kommunen, i samhandling med grunneigarane, skal utarbeide ferdelsregulering i medhald av friluftslova, §15, i eit nærrare avgrensa område på Breng. Statens vegvesen markerer med sperreanordninga at det ikkje er tillate å parkere eller campe langs vegen.
- Kommunen, i samhandling med grunneigarane, startar arbeidet med etablering av ein mindre parkeringsplass ved kulturlandskapet Breng og oppstart av planarbeid, inkludert kostnadsrekning for parkering ved minnetavl i Lodalen. Utbygginga av parkeringsplassen på Breng og ved minnetavl skal skje ved ei samfinansiering mellom reiselivsnærings, vegvesenet, kommunen og andre finansielle bidragsytarar.
- Arbeidet med Grønt punkt Tyva startar opp i 2019. rekkekølgje i arbeidet bør veljast med hovudmål om å unngå opphopning av turistar på Breng som i 2018. Å finne ei planløysing for området og få etablert eit toalett bør stå som høvesvis fyrste og andre punkt på tiltakslista».

Den 16.01.2019 hadde kommunen eit arbeidsmøte med alle grunneigarane på Breng, som tilhøyrer gnr 80, Sæten. Paralelt hadde vi møte med grunneigarar på gnr 71, Tyva og gnr 72, Haugen vedrørande Grønt punkt Tyva. Samkjøyringa hadde som mål å sjå desse tiltaka i ein samanheng og å få semje om tiltak som kan vera med å dempe interessemotsetnadane mellom grunneigarar og tilreisande på

Breng og vidare lenger fram i dalen. Referat frå arbeidsmøtet ligg ved saksutgreiinga.

Eitt av tiltaka det var semje om var å utarbeide åtferdsreglar (ferdselsrestriksjonar) etter friluftslova på Breng. Det var semje om at desse åtferdsreglane skulle forby telting på Breng, og dei skulle forby parkering av bilar på svegskuldera, styre bruken av open eld og stille krav om å halde området fritt for avfall. Grunneigarane på Breng tilbyr kommunen å disponere badestranda som friluftslivområde og tilrettelegge arealet tilpassa dei andre tiltaka på Breng. Grunneigarane ynskjer at det skal etablerast ein korttidsparkeringsplass på ovaforsida av vegen på Breng, slik at også bussar kan stoppe. Kommunen har utarbeidd plan for tiltaket februar 2019. Likeeins at eksisterande lunnepllass nord for Brengselva mellombels kan nyttast til parkering til ein har fått opparbeidd ein ny parkering ovafor badeplassen. I dette området vert det også mellombels plassert eit toalett med lukka tank i sommarsesongen 2019, og vi vil også plassere ut mellombels avfallsmottak i det same området. Alle desse tilboda skal skiltast godt.

På Tyva, som også er startpunktet for Skållastien, ser grunneigarane behov for etablering av toalett- og avfallsordning for ålmenta, noko som mellom anna vil avhjelpe behov på Breng. Også her vert det etablert ei mellombels løysing for toalett og renovasjonsordning for sesongen 2019, og kommunen har starta opp planlegging av tiltaket i februar 2019.

JURIDISK GRUNNLAG FOR FERDSELSRESTRIKSJONAR.

Ferdssretten, som er ein del av allemannsretten i friluftslova, gjeld først og fremst i det som lova definerer som utmark. I §3 i lova heiter det at «I innmark kan enhver ferdes til fots i den tid marken er frosset eller snølagt, dog ikkje i tidsrommet frå 30.april til 14.oktober». I utmark derimot kan «enhver ferdsses til fots hele året når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet» (§2). Spørsmålet er da; Er Breng innmark eller utmark? §1 i lova klargjer skiljet.

Det juridiske grunnlaget for å begrense ålmenta sine rettar etter friluftslova ligg i §15, med tittelen «regulering av ferdssel på visse friluftsområde». Ordlyden i §15 er:
«Til regulering av ferdsselen på område der utfarten er stor, kan kommunen med samtykke av eieren eller brukeren fastsette adferdsregler som enhver som ferdsses i området plikter å følge. Reglene skal særlig ta sikte på å opprettholde ro og orden, verne dyre- og plantelivet og fremme helsetiltak og sanitære forhold. Kommunestyrets vedtak trenger stadfesting av fylkesmannen».

Vurdering:

Det opne kulturlandskapet på Breng er ikkje dyrka mark, og det er ikkje lenger nytta som kulturbete, noko som talar for at det er å rekne som utmark. Dette vert styrka av at området ikkje er inngjerda og at arealet berre er tilfeldig beita av husdyr. Grunneigarane driv heller ikkje nokon annan næringsutnytting av arealet utover det som er normalt elles i dalføret. Stølshusa på Breng vert i dag - i praktisk nytte - ei samling av fritidshus. Det tette klyngetunet – arealet mellom bygningane - kan tilfredsstille friluftslova sin definisjon av det lova kallar ein «gårdsplass». Det betyr at klyngetunet mest sannsynleg kan reknast som innmark. I vårt arbeid med ferdsselsrestriksjonar vel vi likevel, for å ikkje gjera saka vanskelegare å forstå, å kategorisere heile det beiteopne landskapet på Breng som utmark. Området er avgrensa i vedlagt kart, avmerka som område A.

Rådmannen tilrår ferdsselsrestriksjonar i dette utmarksområdet. Grunneigarane i området har argumentert for å utvide arealet også nord for Brengselva fordi dei fryktar villcamping og derav forsøpling også i dette området. Vårt argument er at området med ferdsselsrestriksjonar må avgrensast til dei areal der grunneigarane har størst problem med villcamping. Det er etter vårt syn i A-området. Området nord for elva får funksjon som ein korttids parkeringsplass, vert skilta som dette og bruken av området må kontrollerast av tilsynsmynde på same måte som området med

ferdselsrestriksjonar.

Åtferdsreglane vil innskrenke ålmenta sine rettar på Breng, men totalt sett i liten grad. Nedståande tabell gjev oversyn over status i dag og etter innføring av åtferdsreglar:

Aktivitetstype	Omfatta av allemannsretten?	Gjeldande reglar	Nye reglar
Bading	Ja	Kan bade i «rimeleg avstand til hus/hytte»	Ingen endring. Men tilrettelegging av badestrand i deler av området.
Plukke blomster, bær og sopp	Ja	Tillatt	Ingen endring
Bål og grill	Ja	Ikkje nær skogsmark 15.04-15.09.	Forbod. Kan utøvast på tilrettelagt plass på badestrand.
Bandtvang	Ja	Bandtvang 1.04-20.08 og utvida i Stryn kommune	Ingen endring
Padling, roing	Ja	Ingen avgrensing men fortøyning krev godkjenning av grunneigar	Ingen endring
Telting	Ja	Bærbare telt kan setjast opp i all utmark minst 150 m frå bebudde hus og hytter	Forbod.
Fiske	Ja	Fiskekort-ordning (gratis fiske i Lovatnet)	Ingen endring
Ridning	Ja	På stier og vegar. Hensynsfullt.	Ingen endring
Sykling	Ja	Fritt på stier og vegar. Hensynsfullt.	Ingen endring

Vandring	Ja	Fritt	Ingen endring
Naturleg avtrede og forsøpling	Ja	Forsøpling ikkje tillate (også styrt av ureiningslova)	Tilrettelegging med toalett- og renovasjonsordning.
Villparkering av kjøretøy	Nei	Mogeleg	Forbod utanom tilrettelagt korttidsparkering.

Målet med åtferdsreglane er at dei skal bidra til ei meir levedyktig turistnærings i dalføret. Tiltaket på Breng er eitt av fleire som må gjerast for å få dette til. Bakgrunnsinformasjonen som ligg i vedlegga til saka omtalar ein del av desse tiltaka både på Breng, Tyva og etter kvart i Bødal.

Parallellt med dette tiltaket vil vi også finne mellombelse og etter kvart permanente toalett- og avfallsløysingar på dei mest optimale plassane i dalføret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i friluftslova sin §15 vert vedlagt framlegg til åtferdseregler for Breng sendt på høyring.

Formannskapet 13.03.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg samråystes vedteke.

FO- 041/19 Vedtak:

Med heimel i friluftslova sin §15 vert vedlagt framlegg til åtferdseregler for Breng sendt på høyring.